



Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Oslo, 13.05.2015

Dykkar ref.:
[Dykkar ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):
2013/3723

Sakshandsamar:
Katrine Hauglund

Høring av søknad frå CO2 Technology Test Centre Mongstad om endring av løyve til verksemd etter forureiningslova

Miljødirektoratet ber kommunen leggje eit eksemplar av søknaden ut til offentleg innsyn. Miljødirektoratet vil leggje ut ei kunngjering i avisene og på www.miljodirektoratet.no ein av dei nærmaste dagane. I kunngjeringa står det at søknaden er lagt ut i Lindås kommune og i Lindås kommunes sitt bibliotek.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Miljødirektoratet innan fem veker.

Vi viser til den vedlagde søknaden og kunngjeringa. Kunngjeringa er sendt til Norsk lysingsblad og lokalavisene der saka vil bli kunngjort ein av dei nærmaste dagane. Saka leggjast også ut på Miljødirektoratet sin nettstad. De kan også lese kunngjeringsteksten og laste ned saksdokumenta her: <http://www.miljodirektoratet.no/horing2013-3723>

Vi ber kommunen skrive ut og leggje eit eksemplar av kunngjeringa og saksdokumenta ut til offentleg innsyn hos kommunen og kommunens bibliotek, og om mogleg også på si eiga nettside. Saka skal liggje ute til offentleg innsyn til 17. juni 2015. Dokumenta kan makulerast etter at høyringsperioden er over.

Miljødirektoratet ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om

- bedrifta sitt/sine utslepp kan gjere det vanskeleg å nå målet om god økologisk og god kjemisk tilstand i vassførekomsten, jf. vassforskrifta § 4-6.
- bedrifta sitt/sine utslepp kan føre til overskriding av måla for luftkvalitet i området
- førekomsten av sårbare dyre- og plantearter i området, jf. naturmangfoldlova § 8.
- andre planlagde aktivitetar som kan påverke økosystem i området, jf. naturmangfoldlova § 10.
- andre lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

I høringa har vi bedt Fylkesmannen gi opplysningar om status for å lage tilstandsklassar og karakterisering av vassførekomsten.

Det nye kapittelet 15 A i forskrift om avgrensning av forureining, gir kommunen utvida myndigheit til å stille krav som gjeld påslepp på offentleg nett. Vi ber kommunen vurdere dette dersom det er aktuelt med eit slikt påslepp.

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sender oss eventuelle merknader til søknaden innan fem veker etter at de har motteke dette brevet.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Harald Sørby
seksjonsleder

Katrine Hauglund
rådgiver

Vedlegg
Kunngjering
Søknad om endring av løyve